



# UNIVERSITETET I BERGEN

Programutval for lærerutdanning

Det humanistiske fakultet

21.10.2013

## INNKALLING

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** mandag 25. november 2013,

kl.10.15-12.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Heming Gujord

Marie Von der Lippe

Myriam Coco

Torodd Kinn

Silje Klungland

Hilde Hjertager Lund

Sekretær: Silje Fjærestad Tollefsen

<b>I</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
<b>II</b>	<b>Godkjenning av protokoll fra forrige møte 28. oktober 2013</b>
<b>III</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<b>1. Dagsseminar for ansatte i lektorutdanningen 8.november 2013</b> <b>2. PPU-konferanse i Oslo 28.-29. november 2013</b> <b>3. Partnerskoleseminar 4. og 5. desember</b>
<b>IV</b>	<b>Saker</b>
<b>13/26</b>	<b>Implementering av ny rammeplan for lektorutdanning (diskusjonssak)</b>



# UNIVERSITETET I BERGEN

Programutval for lærarutdanning

Det humanistiske fakultet

<b>13/27</b>	<b>Emneplanendringar for NOSP210, NOSP250, NOSP310 og NORMAU641 (2 vedlegg)</b>			
<b>V</b>	<b>EVENTUELT</b>			
		Heming Gujord		
				Silje Fjærestad Tollefsen



01.11.2013

## PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** mandag 28. oktober 2013, kl. 13.15-15.00, HF-bygget, seminarrom 217.

Tilstede:	Leder	Heming Gujord
	AHKR	Marie Von der Lippe
	IF	Myriam Coco
	LLE	Torodd Kinn
	Fra administrasjonen	Silje Fjærestad-Tollefsen (sekretær)
	Studentrepresentant IL	Silje Klungland
	Fra administrasjonen	Hilde Hjertager Lund (observatør)

<b>I</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
	Innkalling og saksliste godkjent uten merknader.
<b>II</b>	<b>Godkjenning av protokoll fra møtet 25. september 2013</b>
	Protokoll godkjent uten merknader.
<b>III</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<b>4. Deltagelse på Nasjonal lektorkonferanse i Tromsø, 26.-27. september 2013</b> Marie von der Lippe orienterte. Marie von der Lippe og Silje Fjærestad-Tollefsen representerte HF. Det var en sammensatt konferanse med mange forskjellige deltagere. Noe uklart hva som var målet med konferansen, og hvem som var målgruppen. Neste år skal Bergen arrangere konferansen og dette gir oss en mulighet til å ha mål og målgruppe i fokus gjennom planleggingen.
	<b>5. PPU-konferanse i Oslo 28.-29. november 2013</b> Høyskolen i Oslo og Akershus skal arrangere den årlige PPU-konferansen 28.-29. november. HF bør være representert faglig, administrativt, og med én studentrepresentant.
	<b>6. Faglig pedagogisk dag 2014</b> Faglig-pedagogisk dag skal holdes 7.2.2014. Grunnlovsjubileet og klima er viktige saker.
	<b>7. Partnerskoleseminar 4. og 5. desember</b>



# UNIVERSITETET I BERGEN

Programutval for lærarutdanning

Det humanistiske fakultet

	<p>Praksisutvalget skal holde et partnerskoleseminar 4. og 5. desember.</p> <p><b>8. Dagsseminar for ansatte i lektorutdanningen 8.november 2013</b></p> <p>Det skal holdes et arbeidsseminar med fokus på praksis og progresjon 8. desember. Seminaret vil bli etterfulgt av et oppfølgingsseminar i januar.</p> <p><b>9. Oppnevning av kandidat til programgruppe (NRLU)</b></p> <p>HF oppnevner Åsta Haukås.</p>		
<b>V</b>	<b>Saker</b>		
<b><u>S13/23</u></b>	<p><b>Semesterrapport vår 2013 (vedtakssak)</b></p> <p>Semesterrapporten for PUHF vår 2013 er ferdigskrevet av tidligere leder Anne-Brit Fenner og Silje Fjærestad-Tollefsen. Rapporten oppsummerer sakene som ble behandlet i PUHF vårsemesteret 2013.</p> <p><b>Vedtak: PUHF godkjenner semesterrapporten med de endringer som framkom i møtet, og vil oversende den til Studiestyret.</b></p>		
<b><u>13/24</u></b>	<p><b>Avvikle skriving av semesterrapport i PUHF (vedtakssak)</b></p> <p>I PUHF har det tidligere blitt skrevet semesterrapporter, i tillegg til årlige rapporter. Det er nå ønskelig å avvikle skriving av semesterrapporter, og kun skrive årsrapport ved slutten av skoleåret.</p> <p><b>Vedtak: PUHF støtter forslaget om at det heretter kun skal skrives årsrapporter etter en syklus som følger studieåret.</b></p>		
<b><u>13/25</u></b>	<p><b>Orientering om prosessen av arbeidet med den nye rammeplanen (diskusjonssak)</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er opprettet en arbeidsgruppe på HF som skal arbeide med den nye rammeplanen. Gruppen består av fagdidaktikere og representanter fra disiplinfagene.</li><li>- Programstyret har satt sammen en hurtigarbeidende arbeidsgruppe. Målet med denne arbeidsgruppen er at Det psykologiske fakultet, Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet og Det humanistiske fakultet kan møtes til dialog. Marie von der Lippe er HFs representant.</li><li>- Særlige utfordringer med den nye rammeplanen er plassering av pedagogikk og praksis.</li></ul>		
<b>IV</b>	<b>EVENTUELT</b> - Ingen orienteringer.		
	Heming Gujord		
			Silje Fjærestad Tollefsen



UNIVERSITETET I BERGEN

*Programutval for lærerutdanning*

*Det humanistiske fakultet*

<b><u>13/26</u></b>	<b>Implementering av ny rammeplan for lektorutdanning (diskusjonssak)</b>
---------------------	---



UNIVERSITETET I BERGEN

*Programutval for lærerutdanning*

*Det humanistiske fakultet*

<b><u>13/27</u></b>	<b>Emneplanendringer for NOSP210, NOSP250, NOSP310 og NORMAU641 (vedlegg) (vedtakssak)</b>
---------------------	--

**Forslag til vedtak:**



### **Til Programutvalet for lærarutdanning ved HF**

Har programutvalet synspunkt på framlegget til endringar på NORMAU641?

Programutvalet sine innspel vil følgje saka til Programstyret for nordisk og LLE sitt UUI.

30. oktober 2013

Torodd Kinn, leiar for Programstyret for nordisk

### **Førebels sakspapir til Programstyret for nordisk (møte 09.12.13)**

#### **Emneplanendringar for NOSP210, NOSP250, NOSP310 og NORMAU641**

Saka gjeld: For å stramme inn på tidsbruken til undervisning samordnar vi tilboda Språkbruksanalyse (på nærstudiet: NOSP210/-250/-310) og Språkkunnskap (på erfaringsbasert master: NORMAU641).

Språkbruksanalyse (tidlegare kalla Brukstekst og pragmatikk) har undervisning om våren. Det er eit undervisningstilbod som vi har hatt lenge på 200-nivået i nordisk språk. Det hadde lenge semesteroppgåve som sentral vurderingsform (NOSP250), men vi har nyleg opna for skuleeksamen (NOSP210). Samtidig opna vi for at det kan veljast på 300-nivået (NOSP310). NOSP250 er eitt av fleire moglege emne i spesialiseringa i nordisk språk og litteratur som tilfredsstillar kravet om bacheloroppgåve. Det kan brukast i integrert lektorutdanning (saman med NOLI210-L på 10 stp). NOSP210/-250 er òg programemne på Bachelorprogram i språk og interkulturell kommunikasjon. For integrert lektorutdanning finst det eit emne i språkbruksanalyse på 10 stp (NOSP210-L) som ein kombinerer med eit emne med bacheloroppgåve frå nordisk litteratur på 15 stp. Undervisninga i Språkbruksanalyse har form av ei dobbelførelesing i veka (ev. med innslag av seminarform), pluss rettleiing der det er oppgåveskriving. Innhaldet skal ifølgje emneplanane vere «teori



om tekst og språkbruk, særleg knytt til ikkje-litterære tekstar [...] tekstbinding, sjangerlære og samanhengen mellom språk og situasjon».

NORMAU641 Språkkunnskap er eit obligatorisk emne på Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk (vidareutdanning, fjernstudium). Det har undervisning om våren og gjekk første gong i 2011. Undervisninga går over tre samlingar på to dagar kvar, og så er det nettbasert oppfølging. Innhaldet skal ifølgje emneplanen vere samansett av tre komponentar: «(1) språkbruk, stil, argumentasjon og retorikk, (2) skriftvariasjon og moderne skriftspråksnormering, (3) ein variabel komponent». Den variable komponenten var namnegransking i 2011 og var/blir biletleg språk i 2012–14. Vurderingsforma er ei mappe med tre oppgåver, éi til kvar komponent, under rettleiing.

Nordisk språk har ein forholdsvis stor emneportefølje på 200- og 300-nivå, noko som er uttrykk for interessene og kompetansen til dei vitenskapleg tilsette, og som vi reknar som ein stor verdi for undervisningstilbodet i morsmåls-/nasjonalspråksstudiet. Undervisninga på erfaringsbasert master hadde ekstra ressursar dei første åra, men er no pålagt oss utan noka form for kompensasjon. Samtidig er den som oftast har vore emneansvarleg for Språkbruksanalyse, Johan Myking, ute av undervisning. Han har ingen innvendingar mot at tilbodet får ein annan profil enn det hadde i hans tid. Fagmiljøet ønskjer å ta vare på dei eksisterande tilboda på nærstudiet, samtidig som vi må tilby undervisning på vidareutdanninga. Det er allereie nokså stor (mogleg) overlapping mellom Språkbruksanalyse og Språkkunnskap, så det er her det er lettast å få til ei innsparing i tidsbruken for lærarane utan å legge ned undervisningstilbod. Vi ønskjer derfor å samordne pensumet, undervisninga og vurderingsordningane i dei to tilboda. Samtidig ønskjer vi å vri ressursbruken på oppfølgingsundervisninga på Språkkunnskap frå det vurderingsrelaterte til det øvingsrelaterte.

Dette inneber revisjon av fire emneplanar med verknad frå våren 2015. Emnet NOSP210-L (10 stp) for integrert lektorutdanning må vi komme tilbake til når studieplanane for lektorutdanningane i nordisk og framandspråk er klare.

Vi føreslår å definere innhaldet som «språkleg tekstanalyse». Det skal i hovudsak knytast til tema som stilistikk, tekstbinding, munnleg og skriftleg språk,



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Programutval for lærerutdanning*

*Det humanistiske fakultet*

skriftvariasjon og språkføringa i utvalde sjangrar og teksttypar, t.d. aviser og lærebøker, men vi lèt det vere ein god del fleksibilitet i formuleringane. Vi tonar ned tema som sjangerteori (frå Språkbruksanalyse) og argumentasjon, retorikk og språknormering (frå Språkkunnskap).

Undervisninga vert gitt på samlingar, tre gonger to dagar. Dette blir då ei endring for nærstudentane. Førelesingane blir felles for nær- og fjernstudentar, men ein del av undervisninga vert organisert rundt gruppearbeid, og då vert dei to studentkategoriane skilde. Vi ser det som viktig for utviklinga av kullkjensle på erfaringsbasert master at dei er saman og blir kjende med kvarandre. Dei får i tillegg oppfølging med øvingsoppgåver o.l. på nettet.

Vurderingsordninga på NOSP250 blir uendra: semesteroppgåve og breiddetest (to timar). Vurderingsordninga på NORMAU641 blir endra frå mappe til heimeeksamen (7 dagar), og vurderingsforma på NOSP210 og NOSP310 blir endra frå skuleeksamen til heimeeksamen (7 dagar). Vi ønskjer å unngå endå fleire ulike vurderingsordningar.

Sjå eige dokument for framlegg til revidert plan for NORMAU641.



# UNIVERSITETET I BERGEN

Programutval for lærarutdanning

Det humanistiske fakultet

Emnekode	NORMAU641
Emnenavn	Språkkunnskap for erfaringsbasert master i undervisning
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår. Andre semester av Erfaringsbasert master med fordjuping i norsk.
Undervisningsspråk	Norsk. Svensk og dansk kan og verte nytta.
Studienivå	Master
Krav til studierett	Opptak til masterstudiet i erfaringsbasert undervisning med fordjuping i norsk ved Det humanistiske fakultet.
Mål og innhald	<p>Emnet gir auka kunnskap om og dugleik i språkleg tekstanalyse.</p> <p>Av aktuelle tema kan nemnast stilistikk, tekstbinding, munnleg vs. skriftleg språk, moderne skriftvariasjon, mediespråk, fagspråk, lærebokspråk, elevspråk.</p> <p>Ikkje alle dei nemnde temaa treng å vere med, og andre tema som passar inn, kan òg vere aktuelle.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Etter fullført emne skal studentane kunne gjere greie for sentrale omgrep innanfor språkleg tekstanalyse.</p> <p>Dei skal kunne nytte kunnskap og innsikter i eigne tekstanalysar.</p> <p>Dei skal kunne reflektere kring analysane og bruk av språkleg tekstanalyse i framtidig yrkespraksis.</p> <p>Dei skal kjenne til og kunne bruke viktige språklege hjelpemiddel og ressursar (t.d. ordbøker og ordlister, nettsider om språk, skriftspråskorpus).</p> <ul style="list-style-type: none"><li>•</li></ul>
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang	<p>Det vert tre samlingar på to dagar kvar i løpet av semesteret. Delar av undervisninga kan vere felles med nærstudieemna i språkbruksanalyse.</p> <p>I tillegg er det nettbasert oppfølging med oppgåver og diskusjonar.</p>
Obligatoriske	Frammøte til samlingane er obligatorisk.



# UNIVERSITETET I BERGEN

Programutval for lærarutdanning

Det humanistiske fakultet

arbeidskrav	Kurset er i hovudsak basert på elektroniske hjelpemiddel. Det er en derfor eit vilkår at studenten disponerer og er i stand til å bruke datamaskin med internett-tilgang. Det vert kravd at studentane tek del i diskusjonar på nett.
Vurderingsformer	Sju dagars heimeeksamen. Eksamenen skal skrivast på nynorsk. Rett og god språkføring vert vektlagd.
Karakterskala	Karakterskala A-F.
Læremiddelomtale	Pensum utgjer om lag 1000 sider av normal vanskegrad. Ved semesterstart vil det ligge føre ei detaljert pensumliste. Dersom studenten ønskjer endringar av pensumlista, må ho leverast innan ein frist som vert kunngjord på Mi side, og ho må godkjennast av emneansvarleg.
Undervisningsstad	Bergen, Internett
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i samsvar med UiB sitt system for kvalitetssikring.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@lle.uib.no">studierettleiar@lle.uib.no</a>